



**Eventuell omdisponering av Hamnebrotet/Ergan i Bud  
sentrum frå Friområde til Næring sett i høve  
Naturmangfaldlovens §§ 8-12.**

Bioreg AS Rapport 2013 : 07

# Omdisponering av Hamnebrotet/Ergan frå Friområde til Næring

KONSEKVENSAAR FOR KRYKKJEKOLONIEN I BERGVEGGEN DER OG SÆRSKILD  
MED TANKE PÅ §§ 8-12 I NATURMANGFALDLOVEN

# BIOREG AS

## Rapport 2013:07

<b>Utførende institusjon:</b> Bioreg AS <a href="http://www.bioreg.as/">http://www.bioreg.as/</a>	<b>Kontaktpersonar:</b> Finn Oldervik, Bioreg AS Linn Eidem Myrstad, kommuneplanleggjar i Fræna kommune, Møre og Romsdal	978-82-8215-236-5
<b>Prosjektansvarleg:</b> Finn Oldervik <a href="mailto:finn@bioreg.as">finn@bioreg.as</a> Tlf. 71 64 48 37 el 414 38 852	<b>Finansiert av:</b> Fræna kommune	<b>Dato:</b> 29. april 2013
<b>Referanse:</b> Oldervik, F. G. 2013. Omdisponering av Hamnebrotet/Ergan frå Friområde til Næring. Konsekvensar for krykkjekolonien i bergveggen der og særskild med tanke på §§ 8-12 i Naturmangfaldloven. Bioreg AS rapport 2013 : 07. ISBN 978-82-8215-236-5		
<b>Referat:</b> Bioreg AS har gjort nokre enkle undersøkingar kring krykkjekolonien i Bud sentrum (Hamnebrotet/Ergan), samt vurdert konsekvensane for denne i tilhøve til §§ 8-12 i Naturmangfaldloven om området vert omdisponert frå Friområde til Næring. Sidan krykkja er raudlista som sterkt truga (EN) og ei utbygging av hotell på denne staden vil føra til at hekkelokaliteten vil gå tapt, reknar vi konsekvensane av ei slik omdisponering som svært stor for naturmiljøet. Vi understrekar at vurderingane er gjort på grunnlag av eksisterande kunnskap og at vi ikkje har utført eigne undersøkingar i området. Vurderingane må også sjåast på som førebelse, men vi tvilar likevel på om det er nokon som vil falla ned på ein annan konklusjon kva gjeld dette.		
<b>5 emneord:</b> Biologisk mangfald Konsekvensutgreiing Krykkje Naturmangfaldloven Raudlisteartar		

**Figur 1.** Biletet på framsida viser ei krykkje ved reiret i Hamnebrotet på Bud. Typisk har ei krykkje svarte bein og svarte vengespissar. Til måsefugl å vera er den ganske liten. (Foto; Sindre Molværsmyr © 02.08.2011).

# Innhald

1	Innleiing .....	5
2	Kunnskapsgrunnlaget. Om krykkja .....	6
2.1	Generelle opplysningar .....	6
2.2	Krykkjekolonien i Hamnebrotet .....	6
3	Konsekvensar av ei omdisponering av Hamnebrotet/Ergan frå Friområde til Næring og kva det vil ha å seia i høve Naturmangfald-lovens §§ 8-12. ....	7
3.1	Kunnskapsgrunnlaget, § 8 .....	7
3.2	Føre – var - prinsippet, § 9 .....	7
3.3	Økosystemtilnærming og samla belastning, § 10 .....	8
3.4	Prinsippet om at kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavaren, § 11 .....	8
3.5	Prinsippet om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar, § 12 .....	8
4	Kjelder.....	9
4.1	Skriftlege kjelder.....	9


# 1 Innleiing

Det er kome innspel frå «Hotell Ergan» til Fræna kommune om å omdisponera Hamnebrotet i Bud sentrum frå Friområde til Næring. Med dette som bakgrunn har administrasjonen bedt om ei enkel fagleg vurdering av kva dette vil ha å seia for det aktuelle arealet.

Denne enkle vurderinga er gjort av Bioreg AS v/Finn Oldervik på førespurnad frå Fræna kommune i Møre og Romsdal.

Vi har fått kunnskap om at det aktuelle området vert nytta som hekkelokalitet av ein krykkjekoloni, noko som er vel kjend i kommunen. Og det verkar rimeleg opplagt, at om Ergan hotell vert plassert slik som teikningane viser, så må krykkjekolonien bort, dvs. at hekkelokaliteten vert totalt øydelagd.

*Det er viktig å understreka at dette notatet ikkje er meint som nokon fullverdig konsekvensutgreiing.*



**Figur 2:** Utbredelseskart for krykkje langs norskekysten med inntegnet studieområde, Runde, Sklinna og Vedøy/Røst i blå sirkler fra sør til nord (Norsk Ornitologisk Forening, 1994).

**Figur 2.** Denne figuren viser kjende hekkestadar for krykkje på norskekysten og er henta frå Hagenlund (2011).

## 2 Kunnskapsgrunnlaget. Om krykkja

### 2.1 Generelle opplysningar

Krykkja er ein måkefugl som vanlegvis oppheld seg langt til havs utanom i hekketida. Normalt dukkar den opp ved hekkekoloniane ved slutten av februar og startar hekkinga (legg egg) i første halvdel av mai. Den rugar så i underkant av ein måned før ungane vert klekte og den forlet kolonien når ungane eventuelt er komne på vengane, noko som slett ikkje lukkast alltid. Oftast skjer dette kring midten av august.

Krykkja er ein sosial fugl som hovudsakleg hekkar i fuglefjell, men kan også hekka andre stadar om den kjenner seg trygg for predatorar. Den livnærer seg pelagisk og har ein energikrevjande næringsstrategi. Dette gjer den sårbar for endringar i næringsstilgang som til dømes bestandsnedgang for dei artane som er viktigast for fuglen, - slik som tobis, sild og torskeyngel. Førekomsten av krill (raudåte) er også ein viktig faktor, saman med mange andre. Temperaturen i havet spelar også inn da det kan føra til at næringsartane søkjer djupare og dermed vert utilgjengeleg som matressurs for mange sjøfuglar. Dette har ført til sterk nedgang i krykkjebestanden, i nokre koloniar slik som Runde har nedgangen vore mellom 80 og 90 % i løpet av få år. Ulike negative faktorar har no gjort situasjonen dramatisk for sjøfugl som livnærer seg pelagisk og alle artar som livnærer seg på same måten er frå 2010 oppført på den norske raudlista. Krykkja er raudlista som sterkt truga (EN<sup>1</sup>) som er den nest høgaste raudlistekategorien etter kritisk truga (CR). Noreg har også hovudansvaret for å ta vare på denne arten i europeisk samanheng, då dei har heile 40 % av den totale bestanden, dvs den er ein norsk ansvarsart (A).

### 2.2 Krykkjekolonien i Hamnebrotet

Krykkjene i Hamnebrotet har ikkje halde til der så veldig lenge. Ein stad står det at dei dukka opp då «fuglefjellet» i Ålesund vart minert bort, men dette er noko usikkert. I «artsobservasjonar» finn ein registreringar av krykkje i Bud frå 1992 og dei fleste åra fram til 2012. Det er likevel ikkje råd å lesa ut frå desse observasjonane kor mange par som hekkar i kolonien dei ulike åra, men tala gjev ein liten peikepinn. Det kan også sjå ut som det er mange fleire fuglar som oppsøker kolonien tidleg på sesongen enn det som seinare går til hekking. Truleg er det ein del ungfuglar med som det enten ikkje er plass for i kolonien, eller som ikkje er kjønnsmogne. Overslag gjort av ymse observatørar viser at kanskje opptil 300 fuglar søkjer inn til lokaliteten om våren, men at neppe meir enn ca 1/3-del av desse går til hekking. Talet på fuglar i kolonien har ein del årlege variasjonar, men verkar å vera rimeleg stabil over tid.

---

<sup>11</sup> Kva som ligg til grunn for dei ulike raudlistekategoriene kan ein lesa om ved å lasta ned Den norske raudlista for artar 2010 frå nettet.

### 3 Konsekvensar av ei omdisponering av Hamnebrotet/Ergan frå Friområde til Næring og kva det vil ha å seia i høve Naturmangfaldlovens §§ 8-12.

Slik det står i LOV 2009-06-19 nr 100: Lov om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldloven) § 7 skal dei miljørettslege prinsippa §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og vurderinga skal gå fram av vedtaket. Her følgjer vurderingar av dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldloven for tiltaket som er omdisponering av Ergan/Hamnebrotet frå Friområde til Næring med tanke på bygging av hotell.

1. kunnskapsgrunnlaget (§ 8)
2. føre-var-prinsippet (§ 9),
3. økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10),
4. kostnadar (§ 11),
5. miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§ 12).

Tidlegare i dette notatet er det gjort greie for kunnskapsstatus for krykkja, både i høve den generelle situasjonen for fuglen og den lokale situasjonen så langt ein kjenner den.

#### 3.1 Kunnskapsgrunnlaget, § 8

*“Offentlege avgjerder som vedkjem naturmangfaldet skal så langt det er rimeleg byggja på vitsskapeleg kunnskap om artane sin populasjonssituasjon, naturtypene si utbreiing og økologiske tilstand, samt effekten av påverknadar. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimeleg tilhøve til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfaldet.”*

Det meste av informasjonen her finn ein i kap. 2, og er hovudsakleg bygd på ålment kjent kunnskap om fuglen, samt dei vurderingane som er gjort i samband med raudlista frå 2010. Også ein studentrapport frå Høgskolen i Hedmark, Hagenlund (2011) er nytta. Om situasjonen lokalt har ein henta det meste frå Artsdatabankens Artsobservasjonar, samt søk på nettet. Den sist utkomne raudlista frå 2010 er lagt til grunn for vurderingane. Vi meiner kunnskapsgrunnlaget er godt nok for å ta ei avgjerd vedrørende den omtalte omdisponeringa. I tilfelle kommunen vedtek å omdisponera det aktuelle arealet frå Friområde til Næring bør det vera eit krav at det vert gjort ei konsekvensvurdering etter plan og bygningslova for dei som vil etablere næring i dette området.

#### 3.2 Føre – var - prinsippet, § 9

*“Når det vert gjort eit vedtak utan at det ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om kva for verknadar det kan ha for naturmiljøet, skal det takast sikte på å unngå å gjera vesentleg skade på naturmangfaldet. Ligg*

*det føre ein risiko for alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet, skal ikkje mangel på kunnskap brukast som grunngjeving for å utsetja eller unnlata å treffa forvaltningstiltak”.*

Vi reknar kunnskapen om naturtypar, vegetasjon og fugl i det aktuelle området som særers god, og kan ikkje sjå anna enn at konsekvensane i dette tilfelle vert svært store ved ei omdisponering av arealet, det vil då seia at føre-var-prinsippet ikkje treng å verta nytta i dette tilfellet, da dei negative konsekvensane synes å vera openbare.

### **3.3 Økosystemtilnærming og samla belastning, § 10**

*“Ein påverknad på eit økosystem skal vurderast ut frå den samla belastninga som økosystemet er, - eller vil verta utsett for”.*

Det aktuelle planområdet er prega av store menneskelege inngrep frå før, noko som i utgangspunktet må reknast som negativt, samstundes som det også har gjeve rom for ein hekkkoloni av krykkje. Denne hadde neppe vore til stades her så framt ikkje uttak av stein til bygging av molo hadde vorte gjort. Kor vidt ei eventuell omdisponering vil medføra større eller mindre belastning av økosystemet her, er noko avhengig av kva ein reknar som 0-alternativet, men slik vi vurderer det no vil alle større inngrep i dette området medføra belastning på økosystemet.

### **3.4 Prinsippet om at kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavaren, § 11**

*“Tiltakshavaren skal dekkja kostnadane ved å hindra eller avgrensa skade på naturmangfaldet som tiltaket medfører, dersom dette ikkje er urimeleg ut frå tiltaket og skaden sin karakter”.*

Vi kan ikkje sjå at det er urimeleg på nokon måte at tiltakshavar i dette tilfellet må dekkja kostnadane ved avbøtande tiltak om utbygging likevel skulle verta aktuelt.

### **3.5 Prinsippet om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar, § 12**

*“For å unngå eller avgrensa skadar på naturmangfaldet skal det takast utgangspunkt i slike driftsmetodar og slik teknikk og lokalisering som, ut frå ei samla vurdering av tidlegare, noverande og framtidig bruk av mangfaldet og økonomiske tilhøve, gjev dei beste samfunnsmessige resultat”.*

Vi kjenner ikkje til alternative plasseringar for det planlagde hotellet og av den grunn er det ikkje muleg for oss å vurderer kva som er den beste løysinga i dette tilfellet, men ei plassering i Hamnebrotet/Ergan er ei plassering som gjev svært store negative konsekvensar for naturmiljøet. Vi vil difor tilrå ei plassering av hotellet ein stad med mindre negative konsekvensar for miljøet og dermed færre konflikhtar både undervegs og i ettertid. At krykkjene vil gje frå seg heimen sin utan kamp er også tvilsamt. Hotellet må nok rekna med å få ein god del ikkjebetalande leigebuarar i mange år framover med dei ulempene det kan medføra både for nattesvevnen og reinsemda for dei tobeinte gjestane utan venger.



## 4 Kjelder

### 4.1 Skriftlege kjelder

Direktoratet for naturforvaltning 1996. Viltkartlegging. DN-håndbok 11. (revidert i 2000).

Direktoratet for naturforvaltning 2006. Kartlegging av naturtypar. Verdisetting av biologisk mangfald. Ny utgave av DN-håndbok 1999-13.

Direktoratet for naturforvaltning 2005. Naturbasen. Internettversjon kontrollert 20.03.2012.

Fremstad, E. 1997. Vegetasjonstyper i Norge. NINA Temahefte 12. 279 s.

Hagenlund, M. 2011. Effekten av næringstilgang og havtemperatur på bestandsstørrelsen av krykkje (*Rissa tridactyla*), i tre norske kolonier. (Bacheloroppgave ved Høgskolen i Hedmark).

Kålås, J.A. et al (red) 2010. Norsk Rødliste 2010 – Norwegian Red List. Artsdatabanken, Norway.

Moen, A. 1998. Nasjonalatlas for Norge. Vegetasjon. Statens kartverk.

Statens vegvesen 2006. Håndbok 140. Konsekvensanalyser. 292 s.